



Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Rapport etter tilsyn

# Kommunal beredskapsplikt

Stranda kommune

Tilsynsdato: 13.11.2013

Rapportdato: 12.02.2014

## Innhold

<b>1</b>	<b>BAKGRUNN OG GJENNOMFØRING</b> .....	<b>3</b>
1.1	FØREMÅL OG HEIMELSGRUNNLAG.....	3
1.2	PÅLEGG OM GJENNOMFØRING .....	3
1.3	TILSYNSTEMA .....	4
1.4	GRUNNLAGSDOKUMENTASJON.....	4
1.5	GJENNOMFØRING .....	6
<b>2</b>	<b>HOVDINNTRYKK</b> .....	<b>7</b>
<b>3</b>	<b>RESULTAT FRÅ TILSYNET</b> .....	<b>8</b>
3.1	MERKNADER .....	9
<b>4</b>	<b>VIDARE OPPFØLGING</b> .....	<b>10</b>

## 1 Bakgrunn og gjennomføring

Tabellen nedanfor oppsummerer nøkkelopplysningar om gjennomføringa og vidare oppfølging. Dei vidare avsnitta gir utfyllande opplysningar om heimelsgrunnlag, grunnlagsdokumentasjon og deltakarar.

<b>Tidspunkt for tilsynet:</b>	04.10.2013 (formøte) 13.11.2013 (tilsyn)
<b>Adressa til kommunen:</b>	Øyna 13, 6200 Stranda
<b>Kommunennummer:</b>	1525
<b>Kontaktperson i kommunen:</b>	Per Ivar Lied
<b>Fylkesmannen sitt tilsynslag:</b>	Ketil Matvik Foldal (tilsynsleiar) Stine Sætre
<b>Tilsynsrapporten er skriven av:</b>	Ketil Matvik Foldal
<b>Tilsynsrapporten er godkjent av:</b>	Ketil Matvik Foldal (fylkesberedskapssjef)
<b>Førebels tilsynsrapport sendt:</b>	07.01.2014
<b>Endeleg tilsynsrapport sendt:</b>	12.02.2014
<b>Kommunen sin frist for oppfølgingsplan:</b>	28.03.2014

### 1.1 Føremål og heimelsgrunnlag

Føremålet med tilsynet er å sjå til om Stranda kommune sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap er i samsvar med aktuelle krav fastsett i sivilbeskyttelseslova og forskrift om kommunal beredskapsplikt.

Tilsynet er gjennomført med heimel i § 29 i sivilbeskyttelseslova og § 10 i forskrift om kommunal beredskapsplikt.

### 1.2 Pålegg om gjennomføring

I Justis- og beredskapsdepartementet sitt embetsoppdrag til fylkesmennene er det fastsett at fylkesmannen skal føre tilsyn med kommunane sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap. Om gjennomføringa seier embetsoppdraget at:

”Tilsynet skal planlegges og gjennomføres i samsvar med DSBs tilsynsveileder. Fylkesmannen skal ha en årlig rullerende tilsynsplan som over en fireårsperiode innebærer minst ett tilsyn i alle kommuner..”

### 1.3 Tilsynsystema

I møte mellom DSB og fylkesmennene i februar 2013 presiserte DSB at alle krav i forskrift om kommunal beredskapsplikt skal vurderast under tilsyna i 2013.

### 1.4 Grunnlagsdokumentasjon

Desse dokumenta vart sende frå kommunen til fylkesmannen før tilsynet:

Nr.	Dokument	Datering
1.	Organisasjonsoversikt	Oktober 2013
2.	Beredskapsplan Stranda kommune - kriseleiinga	Oktober 2013
3.	Beredskapsplan Stranda kommune – Beredskapssekretariatet	September 2013
4.	Beredskapsdelplan Stranda kommune - helse og sosialberedskap	Oktober 2013
5.	Beredskapsdelplan Stranda kommune - informasjon	September 2013
6.	Delplan omsorgsberedskapen i Stranda	September 2013
7.	Beredskapsdelplan Stranda kommune – pandemiar	Oktober 2013
8.	Beredskapsdelplan Stranda kommune – smittevern	Oktober 2013
9.	Beredskapsdelplan Stranda kommune - Åkneset - Hegguraksla	September 2013
10.	Beredskapsdelplan Stranda kommune – Instruks – oppgåvespesifikasjon kriseliinga	September 2013
11.	Beredskapsplan for Geiranger omsorgssenter ved flodbølgjer ved fjellskred frå Åkneset eller Hegguraksla i Storfjorden	01.09.2008
12.	Beredskapsdelplan for Geiranger skule og barnehage ved flodbølgjer ved fjellskred frå Åkneset eller Hegguraksla i Storfjorden	Juli 2013
13.	Beredskapsplandel for Sunnylvn omsorgssenter ved ras frå Åkneset eller Hegguraksla	Juli 2013
14.	Beredskapsdelplan for Sunnylvn skule ved flodbølgjer ved fjellskred frå Åkneset eller Hegguraksla i Storfjorden	Juli 2013
15.	Beredskapsplan for Union Hotell Geiranger ved ras frå Åkneset/Hegguraksla	18.09.2013
16.	Risikokart Stranda kommune	Oktober 2013
17.	Planomtale - Blaadalen – Strandafjell i Stranda kommune	Ikkje datert
18.	Stranda kommune – ROS-analyse ifm flom - Kopane, Geiranger	05.09.2013
19.	Hjelpeskjema for vurdering av risiko	Ikkje datert
20.	ROS analyse Stranda kommune brannvern	2013 oktober
21.	Plan for tryggleik og beredskap for vassverka til Stranda kommune	31.12.2012
22.	Hellesylt sentrum – konsekvensutgreiing, ROS-vurdering, TEK 7-4 – Stranda kommune	Ikkje datert
23.	Evaluering/logg frå brannøving Hotel Union Geiranger 15.02.2010	17.02.2010
24.	Evaluering/logg frå brannøving Hotel Union Geiranger 24.10.2011	03.11.2011

25.	Evaluering øvelse Geiranger 03 mai 2012 kl. 1300 ( LE Valderhaug)	Ikkje datert
26.	Evaluering og logg «Øving Fårikål» - 28. oktober 2013	Ikkje datert
27.	Evaluering / logg frå øvelse Geiranger 2012	05.06.2012
28.	Rapport etter kjemikalievernøving på Stabburet AS – 17.11.2011	09.12.2011
29.	Samvirke på skadestad – Ljønibb- og Hamregjøltunnelen RV60 – Stranda – Hellesylt – 3. okt 2007	15.10.2007
30.	Internkontroll beredskap	Ikkje datert
31.	Notat: Avtale brannvern via heimetenesten. Brannvern for eldre	06.02.2009
32.	Plan for brannverntiltak 2012	03.01.2012
33.	Plan for brannverntiltak 2013	07.01.2013
34.	Samarbeid om beredskap mot akutt forurensning på Sunnmøre	2304.2007
35.	Høyring – NOU 20139 Ett politi – rustet til å møte fremtidige utfordringer	08.10.2013
36.	Tematilsyn særskilde brannobjekt i Stranda kommune	12.03.2010
37.	Tematilsyn særskilde brannobjekt i Stranda kommune	08.04.2013
38.	Oppstart Risiko og sårbarhetsanalyse for Stranda kommune 2008	Ikkje datert
39.	Risikokart Stranda sentrum	Ikkje datert
40.	Samarbeidsavtale om beredskapstiltak mellom Stranda kommune og Hotel Union Geiranger AS	01.01.2013
41.	Samarbeidsavtale om beredskapstiltak mellom Stranda kommune og Stranda hotell	01.01.2013
42.	Varslingsrutinar – Stenging av fylkesvegar	Ikkje datert
43.	Varslingsrutinar – stenging av kommunal vegar – rev. 3.09.2013	Ikkje datert
44.	Samarbeidsavtale mellom Stranda kommune og Åknes/Tafjord Beredskap IKS	16.09.2013
45.	Stranda kommune – sakspapir kommuneplan – samfunnsdel 2010 - 2022	10.09.2008
46.	Stranda kommune - Kommuneplan samfunnsdel 2010 - 2022	10.09.2008
47.	Stranda kommune – kommunal planstrategi 2012 – 2016	20.06.2012

### 1.5 Gjennomføring

Formøte for Stranda kommune vart gjennomført på Stranda 04.10.2013. Tilsynsbesøk med opningsmøte, intervju og sluttmøte vart gjennomført 13.11.2013. Kven som deltok går fram av tabellen under.

<b>Deltakarar</b>	<b>Stilling</b>	<b>Formøte</b>	<b>Opningsmøte</b>	<b>Intervju</b>	<b>Sluttmøte</b>
Jan Ove Tryggestad	Ordførar	X	X	X	X
Per Ivar Lied	Rådmann	X	X	X	X
Kjartan Lied	Ass. rådmann	X	X	X	X
Steinar Belsby	Kommunalsjef	X	X	X	X
Inge Teigen	Brannmeister		X	X	X
Tone Lillebø	Kommunalsjef		X		X
Evelyn Omenås	Leiar servicekontoret		X		X
Anne-Marte Rørvik	Kommuneoverlege				X
Jon Tommy Flo	Lensmann				X
Synnøve Lindset	Konsulent	X			
Ketil Matvik Foldal	Fylkesberedskapssjef	X	X	X	X
Stine Sætre	Seniorrådgjevar		X	X	X

## 2 Hovudintrykk

Stranda er medviten om oppgåver og ansvar for samfunnstryggleik og beredskap. Dei fleste elementa innanfor kommunal beredskapsplikt er på plass. Den kommunale beredskapsorganisasjonen framstår som solid, godt tilpassa lokale forhold, godt øvd og godt prøvd.

Etter at risiko for fjellskred frå fjellet ovanfor Åkneset vart avdekt i 2003, har Stranda kommune gjort banebrytande arbeid innanfor etablering av fjellskredberedskap og arealplanlegging i fareområde for fjellskredgenererte flodbølgjer. Heilt nye beredskapskonsept er utvikla, regelverket er endra (TEK10) og den nasjonale forvaltninga av skredrisiko er lagt om – alt dette med Stranda kommune som den viktigaste pådrivaren.

Kommunen sitt største forbettingspotensial ligg i å få på plass ein heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse og, med utgangspunkt i denne, forankre kommunen sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap i det strategiske plannivået (kommuneplan).

Når heilskapleg ROS-analyse og strategisk forankring er på plass, bør kommunen også vurdere å etablere ei meir operativ overbygning, oversikt og *plan* for kommunen sitt løpande arbeid med samfunnstryggleik og beredskap. Kommunen har allereie jamn og god aktivitet i den kommunale beredskapsorganisasjonen, og ein slik plan sitt viktigaste bidrag vil vere å sikre oversikt, struktur og føreseielegheit for aktiviteten: Gjennomføring av møte i kriseleiing og beredskapsrådet, planvedlikehald, øvingar, evalueringar, opplæring mv.

### 3 Resultat frå tilsynet

Tilsynet avdekte tre avvik. to forhold er kommenterte som merknader.

#### **Avvik nr. 1**

Stranda kommune manglar heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse.

##### *Regelverkstilvising:*

Sivilbeskyttelseslova § 14 og forskrift om kommunal beredskapsplikt § 2

##### *Utdjupande kommentar:*

Den heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalysen er den viktigaste beregninga i den kommunale beredskapsplikta. Stranda kommune sin planstrategi fastset at det skal gjennomførast ROS-analysar i samband med utarbeiding av kommuneplan – både samfunnsdel (2013) og arealdel (2014). Kommunen har i 2013 starta opp med risikokartlegging, og arbeid med ROS-analyse for kommuneplanen blir starta på nyåret 2014.

#### **Avvik nr. 2**

Stranda kommune har ikkje med utgangspunkt i heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse utarbeidd langsiktige mål, strategiar, prioriteringar og plan for oppfølging av samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet.

##### *Regelverkstilvising:*

Forskrift om kommunal beredskapsplikt § 3

##### *Utdjupande kommentar:*

Utan heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse på plass, er det også umogleg å oppfylle kravet om langsiktige mål, strategiar, prioriteringar mv. I planprogram for kommuneplanens samfunnsdel og i planstrategien er det fastsett at dette skal inn, men til dess dette er gjennomført har kommunen reelt sett ikkje overordna strategisk forankring av arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap.

#### **Avvik nr. 3**

Stranda kommune kan ikkje dokumentere skriftleg at krava i forskrift om kommunal beredskapsplikt er oppfylte.

##### *Regelverkstilvising:*

Forskrift om kommunal beredskapsplikt § 9.

##### *Utdjupande kommentar:*

Mange forskriftskrav er oppfylte, og dette byggjer sjølvst på at det føreligg skriftleg dokumentasjon av ulike typar. Kommunen har likevel ikkje dokumentasjon på *alle* forskriftskrava er oppfylte – verken enkeltvis eller i ei samla framstilling.

Kravet i forskrift om kommunal beredskapsplikt må elles sjåast i samanheng med kommunelova § 23 nr. 2 som pålegg administrasjonssjefen eit generelt internkontrollansvar. Administrasjonssjefen skal sørge for at administrasjonen vert driven i samsvar med lover, forskrifter og overordna instruksar, og at den er gjenstand for tilfredsstillande kontroll.



### 3.1 Merknader

Merknader er definerte som forhold som ikkje oppfyller definisjonen av avvik, men som fylkesmannen meiner det er grunn til å påpeike for å sikre god oppfølging av beredskapsplikta.

#### **Merknad nr. 1**

Kommunen bør vurdere utarbeiding av ein plan eller anna styringsdokument som kan fungere som ei operativ overbygning, oversikt og ramme for kommunen sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap – eit bindeledd mellom strategiske planar og ROS-analysar, beredskapsplanverk og aktivitet. Det eine avviket (nr. 3, «dokumentasjon») gjeld eit forhold som kan ivaretaast gjennom ei slik overbygning. Det same gjeld andre konkrete forhold som ikkje oppfyller definisjonen av avvik, men der kommunen har forbettringspotensial – for eksempel:

- tydelegare rutinar for evaluering – både av øvingar og reelle hendingar
- tydelegare rutinar for gjennomføring av opplæring og øvingar

«Administrative» deler av kriseplanen kan inngå i ein slik plan. Rutinar for faste møte i kriseleiinga og beredskapsrådet – for eksempel.

#### **Merknad nr. 2**

Kommunen bør vurdere ein gjennomgåande revisjon av beredskapsplanverket. Plan for kriseleiing og delplanar/sectorplanar. Potensialet for forenkling er truleg større enn behovet for nybrottsarbeid. Kommunen bør i denne samanhengen vurdere om heile planverket – plan for kriseleiing og delplanar/sectorplanar bør løftast over på CIM eller kommunen sitt kvalitetssystem?

#### **4 Vidare oppfølging**

Fylkesmannen ber om at kommunen lagar ein plan for når og korleis dei avdekte avvika skal følgjast opp. Planen skal sendast til fylkesmannen seinast seks veker etter tilsynsrapporten er motteken.

Med utgangspunkt i kommunen sin plan, vurderer fylkesmannen om tilsynssaka kan avsluttast. Kommunen får tilbakemelding om dette seinast tre veker etter fylkesmannen har motteke kommunen sin oppfølgingsplan.

Dersom kommunen har spørsmål om tilsynsrapporten eller oppfølginga, kan fylkesmannen sin tilsynsleiar kontaktast:

Ketil Matvik Foldal, [ketil.matvik.foldal@fylkesmannen.no](mailto:ketil.matvik.foldal@fylkesmannen.no), 71258483 / 41693480.